

## **ÅRSMELDING FOR ROGALAND OG AGDER REDAKTØRFORENING 2013**

Årsmøtet vart halde 12. februar 2013 i Haugesund. Årsmelding for rekneskap for perioden 2011/2012 vart einstemmig godkjende.

Følgjande styre vart valt for toårsperioden 2013/2014: Tom Hetland, Stavanger Aftenblad (leiar), Marianne Drivdal, Tvedestrandsposten, Morten Rød, Agderposten (attval på alle).

Borghild Balchen har fungert som sekretær og kasserar. Etter at Borghild slutta i Stavanger Aftenbladet i mars 2013, har ho utført arbeidet mot betaling frå foreininga.

### **Generelt om aktiviteten**

Aktiviteten har vore på same nivå som dei siste åra. Det blir stadig vanskelegare å samla folk. Frammøtet på medlemsmøta i 2013 har vore på cirka 15. Styret er stadig på leit etter tema som kan vera relevante og interessante, men me kjempar mot ein stadig travlare arbeidssituasjon for den enkelte redaktør.

### **Medlemsmøte**

Begge møta i 2013 er haldne i samarbeid med utgivarforeininga. Det er naturleg, sidan det er stor overlapping av medlemmer.

Vinter- og årsmøte vart halde i Haugesund 12. februar. I tillegg til dei formelle årsmøtesakene (sjå ovanfor), var det tema om betalingsordningar på nett og om prosjektet «Aksjon døråpner», forutan orientering frå Norsk Redaktørforening og «Kysten rundt».

Sommarmøtet gjekk av stabelen i Stavanger 31. august, i forkant av Sommerkonferansen, som RAR samarbeider med journalistlaga i Rogaland og Agder om.

Dette var midt i valkampen, og hovudtema var ein paneldebatt om samspelet mellom makthavarar, media og profesjonelle rådgivarar. Paneldeltakarar var Jan-Erik Larsen, First House, stortingsrepresentant Bent Høie, Høgre, samfunnsvitar Svein Tuastad, Universitetet i Bergen og politisk journalist Torunn Egge Roux, Stavanger Aftenblad.

Den endelege rapporten frå «Aksjon døråpner»-prosjektet vart presentert av prosjektsekretær Torbjørn Kindingstad. «Dei faste postane var med også på dette møtet.

### **Studietur**

Årets tur gjekk til Athen 11.-14.april. Frå RAR deltok berre fem personar, men god oppslutning frå Vestafjelske sikra at det vart mange nok til å arrangera turen.

Det faglege programmet handla om konsekvensane av eurokrise for det greske samfunnet og for greske media. Me møtte ambassadør Sjur Larsen og ambassadesekretær Anne Havnør, redaktør Nikos Konstanderas i avisa Kathimierini, representantar for journalistlaget og for det greske

nyhetsbyrået, og den gresk-amerikanske journalisten Joanna Kaisis. Til saman formidla dei eit sterkt inntrykk dei dramatiske endringane som har skjedd i Hellas, ikkje minst for mediebransjen. Sosialt var det ein livleg tur som vanleg.

### **«Aksjon døråpner»**

Prosjektet vart avslutta i 2013, og ein sluttrapport er lagt fram for medlemmene.

For å halda trykk på arbeidet vidare, har styret vedtatt å etablera «Åpenhetsprisen». Den går til journalistar eller redaktørar i Rogaland og Agder som har utmerka seg med aktiv bruk av Offentleglova. Prisen er eit stipend på 10.000 kroner og eit diplom. Han skal delast ut tre gonger, første gong i 2014.

### **Medlemstal**

Rogaland og Agder Redaktørforening har ved årsskiftet 2013/2014 52 ordinære betalande medlemmer og 18 pensjonistar.

Stavanger, 1. april 2014

Tom Hetland, leiar

Marianne Drivdal, Morten Rød, styremedlemmer